

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Representantskapet

MØTEBOK

Møtedato: 29. september 2016, kl. 12.30
Møtestad: Lerstadvegen 545, 4. etg. i SKS IKS sine lokalar

Møtet vart leia av Torgrim B. Finnes.

Elles til stades:

Jonas Falch, Stordal, Thor Hansen, Ålesund, Gunnar O. Morsund, Giske, Solveig Linge Stakkestad, Norddal, Rolf Bergmann, Sykkylven, Kåre Bjørnerem, Midsund, Sigrid Eidsvik, Haram, Geir Ove Vegsund, Sula, Svein Ove Sæholt, Sandøy, Helge Kvame, Stranda,

= **11 voterande**

Rolf Liebich, Skodje, Knut Helge Vestre, Ørskog, Gudmund Relling, Norddal og Robin Mikal Særlie, Midsund hadde meldt forfall.

Frå styret møtte styreleiar Inge Gjørde, nestleiar Terri-Ann Senior, og styremedlem Dag Oksnes.

Frå administrasjonen møtte:

Dagleg leiar Harald Rogne og advokat Kjetil Kvammen

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

**SAK 05/16
GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 3. MAI 2016**

Representantskapet sitt samrøystes vedtak:

Møteboka frå møte 3. mai 2016 blir godkjent.

**06/16
BUDSJETT 2017 OG ØKONOMIPLAN – SUNNMØRE KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Representantskapet sitt samrøystes vedtak:

Saksdokument datert 16.09.2016 frå kontrollutvalset.

Tabellen nedanfor viser deltakarkommunane sin budsjetterte andel for 2017.

Kommune	Fordeling etter eigardel korrigert for till./frådrag	Etter medgått tid	Sum
Ålesund	168.392 + 43.782	171.000	383.174
Haram	84.196 + 21.891	86.000	192.087
Sykkylven	84.196 + 21.891	96.000	202.087
Sula	84.196 + 21.891	85.000	191.087
Giske	84.196 + 21.891	85.000	191.087
Stranda	84.196	93.000	177.196
Skodje	84.196	88.000	172.196
Ørskog	84.196 - 21.891	72.000	134.305
Midsund	84.196 - 21.891	70.000	132.305
Norddal	84.196 - 21.891	82.000	144.305
Sandøy	84.197 - 32.836	90.000	141.361
Stordal	84.197 - 32.837	76.550	127.910
Sum	1.094.550	1.094.550	2.189.100

Styret si samrøystes innstilling:

1. Budsjett 2017 med økonomiplan 2017 - 2020 for Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS blir vedteke slik det ligg føre i vedlegg nr. 1 og 2 jf. også fordelingstabellen ovanfor.
2. Deltakerkommunene betaler inn sin budsjetterte del av utgiftene med 1/3 med forfall 1. mars 1. juli og 1. november i budsjettåret.

SAK 07/16

REGULERING AV GODTGJERSLETIL STYRE OG REPRESENTANTSKAP I SUNNMØRE KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS

Saksdokument datert 14.09.2016 frå kontrollutvalsekretariatet.

Representantskapet sitt samrøystes vedtak:

- Godtgjering for arbeidet i representantskapet og styret blir sett til kr 1.600,- pr. møte.
- Leiar i representantskapet og leiar i styret skal ha fast årleg godtgjersle med tillegg av godtgjersle per møte. Godtgjersle til styreleiar utgjer kr 21.700,-. Godtgjersle til leiar av representantskapet utgjer kr 7.700,-. Dersom funksjonstida er under eitt år, blir den faste godtgjersla avkorta forholdsmessig.
- Nestleiar i representantskapet og nestleiar i styret skal ha kr 2.150,- i godtgjersle pr. møte, dersom dei må tre inn å leie møtet i leiarens fråvær.

SAK 08/16

SAKER STYRET HAR ARBEIDD MED

Styreleiar orienterte om det arbeidet styret har lagt ned med å sette seg inn i og gi høyringsuttale om NOU – 2016 – 4 om ny kommunelov.

Han orienterte også om arbeidet som er lagt ned for å tilpasse Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS nye rammebetingelsar ved kommunesamanslåingane som er på gang.

Representantskapet sitt samrøystes vedtak:

Representantskapet tek saka til orientering.

Torgrim B. Finnes
leiar i representantskapet
(sign.)